

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1094 - 21/30805

Saksbehandlar:  
Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:  
05.05.2021

## Referat undervegsmøte, Snekkevika

### Rettleiingsmøte og merknadsmøte, 13.04.21

Under følgjer referat frå rettleiingsmøte med Vestland fylkeskommune vedr. deira innspel etter varsel om oppstart av planarbeid i Snekkevika, gnr. 464 bnr. 41. I etterkant av dette møte gjennomførte kommunen saman med konsulent og forslagsstiller eit undervegsmøte med vurdering av alle innkomne merknader.

Til stades:

Alver kommunen	
Planforvaltning	Ingrid Raniseth
Vestland fylkeskommune	
Kultur	Sigrun Wølstad, Berit Vik
Samferdsel	Lillian Bakke
Konsulent	
Arkoconsult	Pål K. Tufta, Yvonne Hauge, Ane Rolland
Tiltakshavar	
Sijoni Invest	Nils Paulsen

Tema for møte var handsaming av kulturminner i planområdet etter merknad om varsel om oppstart, og følgjande forhold vart diskutert:

- Kvar omsynsson skal ligge – samt størrelse på den samanhengande sona.
- Om det skal nyttast arealformål med vern eller omsynssone – skal dette ligge over alle kulturminna eller skal det deles opp?
- Føresegns og tilrettelegging som vil ivareta kulturminna inne i eit hytteområde

Vestland fylkeskommune sine foreløpige vurderingar:

- Sjølve kulturminnet, samt ei 5 m sikringssone, må få omsynssone H730 (bandlegging) i plankartet. Den samanhengane omsynssona som vert liggjande over alle lokalitetane bør leggjast i sone H570 (omsyn). Omsynssona må kombinerast med arealformål som ikkje er i konflikt med vernesona, som td LNF.
- I sone H570 kan det leggjast til rette for bruk som ikkje er i strid med formålet-som stiar, bålpass ol. Stiane kan ikkje regulerast som eige formål.
- Anbefaler ikkje utgraving av kulturminna då det krev dispensasjon frå kulturminnelova, samt at det kostbart.
- Forslag til føresegner som må inni planen er gitt i fråsegna til varsel om oppstart.
- Samanhengen mellom lokalitetane er særsviktig, og ein rår til at området BFR7 som låg inne som fritidsbusetnad i førre planforslag, vert tatt ut. Ved høyring vil fylkeskommune kome til å fremje motsegn til framleggget om dette ikkje vert følgjt opp.
- Ved spørsmål om å flytte BFR7 til nord-austre sida av tilkomstvegen i området f\_FO3 er dei usikre på om det vil kome i strid med det samanhengande omsynet til kulturlokalitetane.
- I høve den indre farleia vil føresegner om materialbruk i hyttefeltet, beplanting av terren gingrep samt gode illustrasjonar som snitt-teikningar og fjernverknad, ivareta verdiane i retningslinja.

Merknadsmøte, 13.04.21

Nr.	Avsendar		Alver kommune
1	<u>Private merknader:</u> Sofrid Kartveit	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tillèt ikkje vegrett over sin eigedom</li> <li>Landbruksavkørsle</li> <li>Gråsteinsmurar ved fylkesveg</li> <li>Ønsker politisk synfaring</li> </ul>	<p>Det som ligg i APM-vedtaket er ei igangsettingsløyve av planarbeidet, med dissens. Pr i dag ikkje behov for å regulere til offentleg veg, ein bør undersøke moglegheit til ekspropriere med heimel i veglova.</p> <p>Landbruksavkørsle det vert vist til ligg i eit areal som er avsett til vegareal og annan veggrunn i reguleringsplan for RV 565 Tolleshaug- Soltveit.</p> <p>Tørrmurar kan vere moglege å ivareta om ein utvidar krysset i aust</p> <p>Politisk synfaring kan vere aktuelt til 1. gongs handsaming</p>
2	<u>Snekkevika båt og interesselag</u>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bruksrett i dag</li> <li>Nemner aure i elva og kvernhus</li> <li>Dårleg fjell langs med vegen, samt at vegen er dårleg fundamentert</li> <li>Negativ til veg mot tjørna, ønsker veg frå Haugstad</li> <li>Ønsker politisk synfaring</li> </ul>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Administrasjonen stiller seg negativ til forslag om tilkomstveg frå Haugstad. Området er avsett til LNF i kommunedelplan for Radøy, og det vil vere uheldig og uforholdsmessig å legge ny veg gjennom urørt natur til nokre få hyttetomter.</p> <p>Ber om at lokal kunnskap om veg og andre forhold vert tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.</p> <p>Politisk synfaring kan vere aktuelt til 1. gongs handsaming</p>
3	<u>Helge Arne Kolås</u>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gangstiar må oppretthaldast</li> <li>Tilgang til naust lyt bestå</li> <li>Negativ til veg mot tjørna</li> </ul>	Planframlegget må ikkje hindre eksisterande tilgang naustområde.
1	<u>Høyringsinstansar:</u> Fiskeridirektoratet	<ul style="list-style-type: none"> <li>I Snekkevika er det registrert fiskeplass for garnfiske og Lurefjorden er det registrert nasjonalt viktig gytefelt for torsk.</li> <li>Ønsker planen på høyring</li> </ul>	Det må gjerast avbøtande tiltak om ein råker ved fiskeplass og/eller gytefelt for torsk.
2	NGIR	Generell uttale	Ta kontakt med NGIR for avklaring i høve avfallsløysingar for fritidsbusetnad.
3	NVE	Generell uttale	Tatt til orientering.
4	Vestland fylkeskommune	Har kommentarar til planlegging i høve <ul style="list-style-type: none"> <li>naturmangfold</li> <li>samferdsel</li> <li>kulturminne og kulturmiljø</li> </ul>	<p>Naturmangfold: Rekneskap over co2 utslepp ved avvikling av myr må omtala i planskildringa og takast med vidare i plan for massehandtering.</p> <p>Samferdsel: Rår til at tekniske teikningar vert sendt til gjennomsyn før høyring.</p>

		<p>Kulturminne og kulturmiljø: Planframlegget må legge opp til eit samanhengande vern av kulturlokaltetane i området.</p> <p>Den indre farleia: Kommunen vil følgje opp planframlegget og sørge for at det vert lagt opp til god forvaltning av KULA-området.</p>
Statsforvaltaren	<p>Har kommentarar til planlegging i høve</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• strandsona</li> <li>• friluftsliv</li> <li>• klima</li> <li>• naturmangfald</li> <li>• marin verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane</li> </ul>	<p>Tatt til orientering</p> <p>Det må i planarbeidet vurderast ulike løysingar for tilkomstveg frå naustområdet til hyttefeltet. Terrenginngrep, nærliek til tjørna og byggegrense i KDP vert viktige premiss for plassering av veg.</p>
Statens vegvesen	Viser til at vidare dialogen om utbetring av kryss og tilpassing til reguleringsplan RV 565 Tolleshaug - Soltveitgår vert avklart med Vestland fylkeskommune.	Tatt til orientering.

### Friluftsliv

I møte var det stilt ein del spørsmål knytt til friluftslivsområda Badevika og Kjesethjørna som er no er svart ut av kulturavdelinga.

#### Badevika

- Har kommunen framleis interesser i dette området?
  - Området vert per i dag ikkje vedlikehalde verken av kommunen eller BOF, men i samband med idrettsplanen til Radøy kommune vart det vurdert at området er aktuelt for statleg sikring. BOF stadfestar at dette framleis er aktuelt. Badeplassen er framleis nytta ein del, og eit viktig friluftsområde lokalt.
- Ønsker ein å regulere eksisterande sti og parkeringsplass frå fylkesvegen?
  - Området bør vera med i planen for å sikra arealet til friluftsføremål.
- Skal opprusting av området ligge på dette planframlegget, i tilfelle kva tiltak er det forventa at tiltakshavar må gjere?
  - Dette ikkje er noko som treng å liggja på tiltakshavar.
- Ser ein andre potensielle tilkomstar til badeplassen? For eksempel nord frå naustområdet i Snekkevika.
  - Om det er mogleg å etablera sti i terrenget, er dette positivt, men det er bratt, så vi er usikker på kva som er mogleg å få til utan store inngrep.

#### Kjesethjørna

- Er det forventa parkeringsareal til tjørna?

- Det bør setjast av areal til parkering til friluftsbrukarar til både tursti, vatn og sjø.
- Turstien forbi hytteområdet bør skiltast for å signalisera at dette er ein tursti som alle kan nytta.

For å gjera området tilgjengeleg for ålmenta er det også ønskjeleg at bryggene vert tilgjengeleg for alle og bør kunna nyttast til å koma ut på sjø med kajakk og kano. Plattform for kajakker kan vurderast.

### Merknadsskjema

Vedlagt finn de mal for merknadsskjema. Skjemaet må fyllast ut og leggjast ved planutkastet til 1. gongs handsaming.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*